



ØKONOMIPLAN 2018- 2021



Innhold

1	Rådmannen sin kommentar	4
2	Politisk grunnlag for budsjettet.....	7
3	Plan og analysar	7
3.1	Plan- og styringsdokument for Surnadal kommune	7
3.2	Samfunnsdelen	8
3.3	KOSTRA og effektivitetsanalyse	9
3.4	Likestilling	11
3.5	HMS – arbeid	11
3.6	Folketalsutviklinga i kommunen	11
3.7	Sentrale inntekter	12
3.7.1	Eigedomsskatt	12
3.7.2	Konsesjonskraft	12
3.7.3	Oppsummering av frie inntekter for perioden 2018 - 2021	12
3.7.4	Kommunale avgifter, gebyr og betalingssatsar	12
3.7.5	Lånegjeld, rente og avdragsutvikling	13
3.7.6	Renter og avdrag egne anleggsmidler.	13
3.7.7	Kommunal deflator.....	13
3.7.8	Fond	13
3.8	Utvikling i einingane sine rammer	14
4	Sentraladministrasjonen.....	15
4.1	Rådmannen	15
4.2	Personal og kompetanse	16
4.3	Næring og utvikling.....	16
4.4	Informasjon og service	18
5	Kultur	20
6	Politisk verksemd	22
7	Oppvekst	22
7.1	Midtigrenda barnehage.....	22
7.2	Øye og Skei barnehage	23
7.3	Bøfjorden og Bæverfjord oppvekstsenter	24
7.4	Mo oppvekstsenter	25
7.5	Todalen og Stangvik oppvekstsenter.....	26

7.6	Øye skule	27
7.7	Surnadal ungdomsskule.....	28
7.8	Vaksenopplæring og integrering	29
8	Helse og omsorg	32
8.1	Helse og familie	32
8.2	Sjukaheimen	33
8.3	Bu- og aktivitetstenesta.....	34
8.4	Heimetenesta	38
8.5	NAV Surnadal.....	39
9	Teknisk	42
9.1	Kommunalteknikk.....	42
9.2	Areal- og naturforvaltning	45
9.3	Eigedom.....	46
10	Ik barnevern	48
11	Investeringar og prioriteringar	50

1 Rådmannen sin kommentar

Surnadal kommune leverer gode tenester i dag og skal fortsette med det også i framtida. Det er viktig å ha blikket rette framover og innrette drifta slik at den kan vere berekraftig. Dette budsjettet gjeld for 2018 og økonomiplanen for perioden 2018 til 2021, men måten vi brukar pengane på, både på drift og ikkje minst investeringar, har konsekvensar for tenesteproduksjonen langt utover denne perioden.

Budsjettet for 2017 har vore stramt, men dei aller fleste einingane klarer likevel å gjennomføre drifta tett opp mot budsjett. Det har vore arbeid mykje med å tilpasse aktivitetsnivå, jakte kostnader og effektivisere arbeidsprosessar. Kommunen sin demografi har vesentleg å seie for rammetilskotet. Som følgje av endringar i inntektssystemet har vi fått omfordelingseffekter som ikkje har slått gunstig ut for Surnadal kommune. Inntektsgarantiordninga (INGAR) sikrar rett nok at nedgangen i inntekter blir gradvis over fleire år, men det betyr også at vi står framom fleire år med betydeleg arbeid retta mot aktivitets- og kostnadsstyring for å ligge mest muleg i forkant. Kommunen sitt kostnadsnivå må tilpassast inntektene våre, skal vi sikre gode tenester og vekst og utvikling i kommunen.

Arbeidet med å busette flyktingar vil halde fram i 2018. Etter at det har vore ein sterk nedgang i innvandringa siste to åra, er viljen til å busette flyktingar rundt om i landet no mykje større enn talet på dei som skal busettast. Surnadal kommune er no ein av tre kommunar på Nordmøre som får mulegheita til å busette flyktingar i 2018, nærare bestemt 10 personar. Det har vore arbeid godt med å busette flyktingar i kommunen vår, og det er god grunn til å tru at det også er bakgrunnen for at vi får tildelt nye flyktingar neste år.

No i haust har vi sett i gang arbeidet med å opparbeide nytt boligfeltet på Øygarden på Nordvik. Dette arbeidet vil halde fram utover vinteren og våren, og vi håper feltet vil vere klart for boligbygging utpå vårparten.

Det er svært givande å sjå den store aktiviteten som no er i gang på Surnadal hamn. Neste år vil vi halde fram med å utvikle hamna vidare gjennom å skaffe fleire leigetakarar i hamneområdet og legge til rette for fleire anløp. Surnadal kommune har også utvida næringsareala i nærområdet til hamna det siste året, og det ligg godt til rette for vidare utvikling.

Stortinget vedtok i vår ny kommune- og regionstruktur. Resultatet vart at Surnadal kommune held fram som eigen kommune i Møre og Romsdal. Våre to

næraste samarbeidskommunar vil bli del del av Trøndelag fylke, medan Halså også vil gå saman med Hemne kommune og delar av Snillfjord kommune. I 2018 vil vi sjå på kva konsekvensar dette vil få for det interkommunale samarbeidet som vi i dag har saman med desse to kommunane, og nye samarbeidsavtalar vil bli utarbeidd der det er nødvendig p.g.a. den nye strukturen.

Kommunestyret vedtok på novembermøtet arealplanen for kommunen. Det er viktig at denne planen no er vedteken, som viktig retningslinje for arealbruken i dei neste 10 åra. Reguleringsplanen for sentrum vil bli eit viktig prosjekt i 2018. Vidare vil det bli arbeid vidare med boligfelt i området rundt Høgberget i Øyegardslia. Det er sterkt ønskeleg med attraktive tomter rundt Øye skuleområde. Eit anna viktig område som no vil bli regulert er områda ved Sylte som i den førre arealplanen var sett av til flyplass. Ved at flyplassen no er teke ut får vi frigjort store område til næringsformål.

I investeringsplanen er det lagt inn nærare 70 millionar kroner i investeringar. Det er mellom anna planlagt inn ei (brutto) investering på 25 mill. kroner renovering/ombygging av aldersheimbygget i Stangvik, som er vedteke ombygd til omsorgsboligar og andre typer leilegheiter. Det er vidare lagt inn 5 millionar kroner til å legge fast dekke på kommunale vegar, på same måte som i 2017. I dette arbeidet inngår også nye stikkrenner og forsterking av bruer. Rådmannen meiner dette er viktig for å redusere behovet for vedlikehald av dei kommunale vegane.

Arbeidet med å planlegge nye Øye skule vil halde fram i 2018, med muleg oppstart mot slutten av året. I åra 2019-2020 er det lagt inn til saman 164 millionar kroner til ny skule på Øye, og dette er ei investering som vil legge beslag på store delar av våre investeringsmidlar i denne perioden. Vi har hatt eit historisk lågt rentenivå dei siste åra, og marknadsrentene fram i tid viser at dette er forventa å vare ei stund til.

Kommunen driv stadig forbetningsarbeid og effektivitetsforbetringar, men for å kunne holde økonomisk balanse over tid må forventningar – politiske og samfunnsmessige – tilpassast dei økonomiske realitetane. Dette krev prioritering av kva tenester vi skal levere og kva for standard og kvalitet dei skal ha.

Med det forslaget som her ligg føre har administrasjonen foreslått fleire grep innafor alle sektorar. Gjennomgang viser og at Surnadal kommune har høg ressursbruk og kvalitet i pleie- og omsorgstenesta. Det er sett i gang arbeid med meir detaljert gjennomgang av ressursbruken for å ruste tenesta for vekst i brukarar dei neste åra. Men no dei aller første åra er vi på eit historisk lågt nivå i andelen av eldre over 80 år, og i budsjettet ligg det inne ein reduksjon på 8 sjukeheimsplassar.

Digitalisering er eit område vi har stadig meir fokus på offentlig sektor. Vi må bruke teknologien til å løyse fleire av våre administrative oppgåvene, både i saksbehandling og til kontakten med publikum. På dette området er vi godt i gang innanfor dei fleste fagområda. I investeringsbudsjettet for neste år har vi for første gang og lagt inn kjøp av robotar til mellom anna reinhald og stell av grøntområde. Elles ser vi at velferdsteknologien vil kome meir og meir til nytte for å levere gode helse- og omsorgstenester.

I den krevande situasjonen vi no er inne i med å tilpasse drifta til stramme budsjett, er det viktig at alle i organisasjonen er innstilt på å ta eit ekstra tak for at det skal bli betre – og ikkje minst gjere oppgåvene på ein enda betre måte enn før.

Vi må arbeide for å styrke fellesskapsfølelsen ved at kvar enkelt tilsett føler at det ein yter er eit viktig bidrag for Surnadal kommune og tenestemottakarane, og at vi saman kan få til eit godt resultat. For å få til dette er det viktig at det blir bruka tid på å informere om dette i einingane, slik at dei tilsette har forståing for det arbeidet som må gjerast i 2018 og i åra framover og at alle ser den viktige rolla ein har i dette arbeidet. Her har alle leiarane i kommunen ei viktig oppgåve.

Tilsette som føler seg sett og verdsett, ansvarleggjorte og myndiggjorte vil vere eit viktig bidrag for å lykkast med denne snuoperasjonen.

Surnadal november 2017


Knut Haugen
rådmann

2 Politisk grunnlag for budsjettet

Før budsjettåret 2017 vart det gjort endringar i prosessen, der ein fekk ein meir ryddig «kalender» - og der det er meir tydeleg når hhv. administrasjonen og politikarane har sine arbeidsperiodar. Første fase av arbeidet med 2018-budsjettet starta med at einingane skulle budsjettere «nedanfrå», altså finne fram til kva dei meinte var dei reelle behova – utan å henge seg for mykje opp i rammene frå tidlegare år. Det vart tidleg i september gjennomført eit todagers budsjettmøte i 3-parts samarbeid, der administrasjon, politikarar og hovudtillitsvalte arbeidde godt saman i grupper, på tvers av roller og parti. På dette viset fekk vi fram mange nyttige tankar som er lagt inn i budsjettet. Elles har budsjettarbeidet i oktober vore presentert for alle hovudutvala, der politikarane har hatt høve til å komme med signal til administrasjonen sitt vidare arbeid.

3 Plan og analysar

3.1 Plan- og styringsdokument for Surnadal kommune



3.2 Samfunnsdelen

Kommuneplanen sin samfunnsdel for 2014 – 2026 vart vedteken av Surnadal kommunestyre 20.06.2014. I planen er det 6 gjennomgåande tema som skal ligge til grunn for all kommunal planlegging. Desse temaa er: barn og unge, folkehelse, likestilling og diskriminering, samfunnssikkerheit og beredskap, universell utforming og miljø og klima

Samfunnsdelen er delt i 6 hovudtema:

1. Befolkningsutvikling og kompetanse
2. Barn og unge sine oppvekstvilkår
3. Næringsutvikling
4. Folkehelse og levekår
5. Kultur – omdømme – identitet
6. Tettstads- og arealutvikling

Befolkningsutvikling og kompetanse

I samfunnsdelen blir det lagt vekt på at det er viktig for kommunen å halde fram som regionsenter med eit godt tenestetilbod og attraktive arbeidsplassar. Innvandringa gir eit meir mangfaldig samfunn, og er saman med innflyttarar viktig får å sikre framtidig arbeidskraft. Målet i samfunnsplanen er :

Mål

Vekst i folketalet for å oppretthalde eit godt tenestetilbod og nok, god og rett arbeidskraft og kompetanse

Barn og unge sine oppvekstvilkår

Samfunnsutviklinga gjer at ein i dag på ein annan måte enn tidlegare må legge til rette for gode barnehagar og ein god skulegong. Det er viktig å sikre tilstrekkeleg hjelp og støtte i ein tidleg fase for dei som har behov for det. Målet i samfunnsplanen er:

Mål

Barn og unge skal sikrast eit trygt og godt oppvekstmiljø prega av omsorg, kunnskap og trivsel.

Næringsutvikling

Framover kan det bli utfordrande for så vel privat næringsliv som det offentlege å finne ønska arbeidskraft. Samspelet mellom det frivillige, kommune og næringsliv er viktig for at folk skal trivast både i arbeid og på fritid.

Mål

Sørge for at etablerte næringer kan oppretthaldast minst på det nivå dei har i dag, og legge forholda til rette for at nye verksemdar kan etablere seg.

Folkehelse og levekår

Det vil ikkje bli mogleg å halde fram med å bygge ut helsetenestetilbodet ved berre å auke volumet av dei tenestene vi tilbyr. Velferdsteknologi og folkehelseiltak må til for at folk kan ta meir vare på seg sjølv og både førebygge og styrke eiga helse.

Mål

God helse og gode levekår for innbyggjarar i alle aldrar.

Kultur – omdømme – identitet

For å bygge omdømme og identitet bør det utviklas teit samarbeid mellom kommunen, lag, skular, frivillige og næringslivet. Det er viktig å spele på dei rike tradisjonane vi har i kulturlivet.

Mål

Vi skal skape eit raust samfunn prega av mangfald, toleranse, utfordringar og utvikling for den enkelte — og for kvarandre— der kulturlivet skal vere ei drivkraft i forminga av vår identitet og vårt omdømme.

Tettstads- og arealutvikling

I sentrum og i bygdene må det planleggast for gjennomgangsbustader, eldrebustader, gang- og sykkelvegar og turstiar. Det er viktig å sikre tilgang til strandline og populære friluftsområde.

Mål

Eit godt tilrettelagt fysisk miljø som tek vare på samfunnssikkerheita og gir god trivsel og utvikling i heile kommunen.

3.3 KOSTRA og effektivitetsanalyse

Telemarksforskning har utarbeidd ein KOSTRA- og effektivitetsanalyse som illustrerer korleis kommunen sin ressursbruk på sentrale tenestekområde harmonerer med kommunen sine økonomiske rammebetingelsar, dvs. dei har teke omsyn til både berekna utgiftsbehov og reelt inntektsnivå (målt som korrigererte frie inntekter).

Telemarksforskning oppsummerer slik:


Vi har utarbeidet en KOSTRA- og effektivitetsanalyse som skal illustrere hvordan kommunens ressursbruk på sentrale tjenesteområder harmonerer med kommunens økonomiske rammebetingelser, dvs. vi tar hensyn til både beregnet utgiftsbehov og reelt inntektsnivå (målt som korrigerede frie inntekter).

Våre beregninger viser at Surnadal kommune, på de sentrale tjenesteområdene som inngår i inntektssystemet, hadde merutgifter i forhold til landsgjennomsnittet på ca. 45 mill. kr i 2016. Da er det ikke hensyntatt verken for at kommunen hadde et høyere beregnet utgiftsbehov enn «gjennomsnittskommunen» (ca. 7 prosent i 2016), eller at kommunen hadde et nivå på korrigerede frie inntekter som lå 5 prosent over landsgjennomsnittet (tilsvarende ca. 15,9 mill.kr).

Beregningene viser at Surnadal kommune samlet sett hadde merutgifter på 7,8 mill. kr i forhold til kommunens «normerte og inntektsjusterte utgiftsnivå» i 2016.

Tjenesteområde	Mer-/mindreutgift 2016 (mill. kr) ift.		
	Lands- gjennom- snittet	«Normert utgiftsnivå	«Normert og inntektsjustert utgiftsnivå»
Barnehage	-1,2	7,6	5,0
Administrasjon	5,9	1,3	-0,2
Grunnskole	8,4	6,0	1,4
Pleie og omsorg	39,3	10,6	5,3
Kommunehelse	-0,3	-2,2	-2,9
Barnevern	-2,6	-1,0	-1,5
Sosialtjeneste	-4,6	1,6	0,8
Sum	44,9	23,7	7,8

Mer-/mindreforbruk ift. landsgjennomsnittet og «normert og inntektsjustert nivå». Surnadal kommune. Mill. kr. Kilde: KOSTRA/KMD, beregninger ved TF



3.4 Likestilling

Kjønn, alder, etnisitet, språk, nasjonalitet, hudfarge, seksuell orientering og politisk syn eksempel på faktorer som ikkje skal hindre eit menneske i å få eit likeverdig tilbod på linje med det majoriteten av befolkninga har.

Det er ei viktig rettesnor i Surnadal kommune at arbeid for likestilling er forankra i alle ledd i forvaltninga og mellom leiarar, tillitsvalde, verneombod og tilsette. Dette skal kome til uttrykk i planarbeidet i kommunen, der mellom anna universell utforming ligg i botnen.

Rådet for funksjonshemma har eit særleg ansvar for å arbeide med saker som kan ha bety noko for menneske med nedsett funksjonsevne.

Administrasjons- og arbeidsmiljøutvalet er kommunen sitt likestillingsutval.

Surnadal kommune legg mykje arbeid i å integrere og inkludere busette flyktningar. Vi samarbeider med frivillige lag og organisasjonar om ulike tiltak, som t.d. fadderordningar, trivselstiltak og felles møteplassar.


3.5 HMS – arbeid

AAU vedtek på slutten av året kva som skal vere satsingsområda komande år innfor HMS, både for utvalet AAU og organisasjonen elles. Det blir gjort kjent for alle einingar i eige saksframlegg. **Økonomiske rammer og føresetnader**

3.6 Folketalsutviklinga i kommunen

Aldersgruppe	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2025	2030	2040
0 år	52	64	55	55	57	58	58	55	51
1-5	286	284	288	298	302	310	318	317	295
6-12 år	452	457	450	458	444	446	465	497	488
13-15 år	235	211	198	193	205	200	201	209	222
16-19 år	354	344	346	323	295	277	263	269	298
20-66 år	3458	3481	3491	3481	3485	3485	3417	3362	3271
67-79 år	810	845	859	885	886	911	951	953	1054
80-89 år	254	235	247	262	297	297	360	455	516
90+ år	68	65	71	75	71	74	77	99	162
Totalt	5969	5986	6060	6085	6099	6058	6168	6271	6408

Kjelde: Regionalstatistikken, SSB



Prognosane viser stabile fødselstal i neste fireårsperiode. Gruppa 1-5 år ligg ganske stabilt på rundt 300 personar. Gruppa 13-15 er også stabil på rundt 200 personar. For gruppa 16-19 år blir det markert færre frå 2019, noko som har sin bakgrunn i at fødselstala vart merkbart redusert frå 2002 og framover. Vi ser også av tabellen at gruppa mellom 67-79 år er veksande, og at det også slår ut for aldersgruppa over 80 år.

3.7 Sentrale inntekter

3.7.1 Eigedomsskatt

Det er for perioden 2018 til 2021 lagt inn kr 19 922 000,- i inntekt. Dette inneheld redusert eigedomsskatt på kraftverk, og auke i inntekt frå bustader og fritidshus. Den generelle satsen er 7 promille for alle eigedommar, men med botnfrådrag på kr 150 000 for bustad- og fritidseigedomar. Heile beløpet blir disponert i det aktuelle året.

3.7.2 Konesjonskraft

Det er lagt inn kr 4 500 000,- i konesjonskraftinntekter for perioden. Dette er noko meir enn prognosen frå Svorka, og heile beløpet er lagt inn i drifta.


3.7.3 Oppsummering av frie inntekter for perioden 2018 - 2021

(i 1000 kr)	2018	2019	2020	2021
Sentrale skatteinntekter	139 000	139 000	139 000	139 000
Rammetilskot inkl. skjønnsmidlar	200 300	197 900	195 400	194 200
Sum skatt og rammetilskot	339 300	336 900	334 400	333 200

Det er tatt utgangspunkt i ei flat utvikling i perioden. Det betyr at den berekna skatteinngangen i 2018 er vidareført for heile perioden. Når det gjeld rammetilskotet er denne redusert i takt med nedtrappinga av INGAR (inntektsgarantiordninga). INGAR gir oss ein kompensasjon for bortfallet av statlege overføringar, etter endringar i inntektssystemet. Kompensasjonen er kr 6,5 mill. i 2018, 3,9 mill. i 2019 og kr 1,2 mill. i 2020. Frå 2021 blir INGAR ein negativ sum for oss, då vi i staden må vere med å finansiere tilskot til andre. I økonomiplanen er inntektene for 2018 vidareført i heile perioda.

3.7.4 Kommunale avgifter, gebyr og betalingssatsar

Endringar i kommunale avgifter, gebyr og betalingssatsar er omtalt i eigne saker.



3.7.5 Lånegjeld, rente og avdragsutvikling

Tabellen under viser kommunen sitt behov for låneopptak i perioden. Kommunen hadde kr. 408 012 658,- i lånegjeld ved utgangen av 2016. Ved utgangen av 2021 vil økonomiplanen gi kommunen ei samla lånegjeld på om lag kr. 660 mill.

Talet for lånegjeldsutvikling vil naturleg nok vere avhengige av kva investeringar vi vedtek i perioden, og kor mykje årleg avdrag vi legg opp til.

3.7.6 Renter og avdrag egne anleggsmidler.

Det er i perioden lagt til grunn ei gjennomsnittleg rente på 1,5% p.a. på dei låna vi har flytande rente, eller rente knytt til 3mnd NIBOR. I tillegg har vi fastrenteavtalar på 62 mill. av lånegjelda. Avdrag blir budsjettert i tråd med nedbetalingsplan på eksisterande lån, tillagt et halvt års avdrag på nytt låneopptak i 2018.

3.7.7 Kommunal deflator

Den kommunale deflatoren for 2018 er sett til 2,6. Vektinga av deflatoren er at lønnsveksten har ein del på 2/3, mens varekjøp og bruttoinvesteringar har ein del på 1/6 kvar av den kommunale deflatoren.


3.7.8 Fond

Kommunen sine samla fondsmidler pr. 31.12.16 utgjorde kr. 56 301 712. Dette inkluderte kr 24 786 294 i rentefondet.

Fondsmidlane fordeler seg slik på dei ulike fondstypane:

Fond	Rekneskap 31.12.16	Rekneskap 31.12.15
Bundne driftsfond	14 360 571	12 072 387
Bundne investeringsfond	4 704 868	3 830 074
Ubundne investeringsfond	0	460 303
Disposisjonsfond	37 236 273	26 517 273
Sum fond	56 301 712	42 880 037

Det er pr 01.11.2017 budsjettert med netto bruk av disposisjonsfond på kr 5,5 mill. i 2017. Ved inngangen til 2017 vil truleg disposisjonsfondsreservane våre utgjere om lag kr 31,7 mill.



3.8 Utvikling i einingane sine rammer

(alle tall i 1000 kr)	Opprinn eleg budsjett 2014	Regulert budsjett 2014	Opprinn eleg budsjett 2015	Regulert budsjett 2015	Opprinn eleg budsjett 2016	Regulert budsjett 2016	Opprinn eleg budsjett 2017	Regulert budsjett 2017
SENTRALADM.	24 878	27 113	16 601	27 323	25 323	25 073	25 751	26 298
KULTUR	6 324	7 522	6 876	7 241	6 425	6 425	6 026	6 188
POLITISK VERKSEMD	4 184	4 264	4 664	4 758	4 258	4 258	4 231	4 300
MIDTIGREND BARNEHAGE	5 956	6 144	6 864	7 079	7 109	6 759	6 516	7 409
ØYE OG SKEI BARNEHAGE	9 960	10 533	10 650	11 106	11 011	11 011	11 003	11 335
BØFJORD OG BÆVERFJORD OPPVEKSTSENTER	7 045	7 142	6 689	6 873	6 803	6 803	6 811	6 984
MO OPPVEKSTSENTER	6 574	6 445	6 445	6 623	6 553	6 553	6 574	6 751
TODALEN OG STANGVIK OPPVEKSTSENTER	12 507	12 890	13 470	14 776	15 106	15 936	15 979	16 393
ØYE SKULE	25 893	26 923	27 004	27 827	27 552	28 102	27 846	28 528
SURNADAL UNGDOMSSKULE	22 538	23 324	22 820	23 217	23 147	23 147	23 035	23 550
VAKSENOPLÆRING OG INTEGRERING			1 982	11 078	9 428	15 318	15 323	15 679
HELSE OG FAMILIE	27 877	30 110	23 661	20 544	19 797	19 897	21 128	21 096
INSTITUSJONANE	51 080	53 635	52 410	56 572	51 491	51 491	50 597	51 655
BU OG AKTIVITETSTENESTE	33 638	35 467	34 742	42 134	39 202	39 202	40 234	41 660
HEIMETENESTA OG REHABILITERING	26 302	26 995	27 062	30 732	32 732	32 732	32 549	33 218
NAV	4 462	5 200	4 520	5 634	5 784	5 784	5 237	5 783
KOMMUNALTEKNIKK	13 566	13 885	13 350	15 038	13 538	13 538	9 439	10 706
KOMMUNALTEKNIKK – VAR	-2 606	-2 606	-2 606	-2 496	-2 496	-2 496	-2 471	-2 471
AREAL OG NATURFORVALT.	5 895	6 148	6 342	6 502	6 302	6 302	6 070	6 215
EIGEDOM	29 295	29 999	30 485	31 025	29 321	29 671	18 176	19 867
SENTRALE INNT./UTGIFTER	-334 715	-350 480	-333 452	-361 135	-354 186	-361 306	-347 773	-361 463
MVA. REFUSJON INVESTERINGAR	-	-	-					
YMSE INNT./UTGIFTER	-9 000	-9 000	-9 000	-8 300	-6 800	-6 800	-6 800	-4 200
TILSKOT	8 011	8 011	8 011	8 461	8 919	8 919	9 742	9 742
FORDELING PENSJON				-13 000	-7 059	-7 059	-5 693	-5 693
DAGLEG LEIAR PPT	2 626	2 626	2 624	2 624	2 624	2 624	2 624	2 624
REKTOR KULTURSKULEN	3 047	3 047	2 991	2 953	2 953	2 953	2 953	2 953
KYRKJELEG FELLESRÅD	5 408	5 408	5 575	5 575	5 782	5 782	5 732	5 732
IK BARNEVERN	8 394	8 402	9 255	9 255	9 220	9 236	9 161	9 161

4 Sentraladministrasjonen

4.1 Rådmannen

Status og utfordringer

Stabsfunksjonane til Rådmannen er organisert som eiga eining, der ein forutan leiargruppa har økonomiavdeling, personavdeling, næring og utvikling, arkiv, servicetorg/ekspedisjon, informasjon, IKT, politisk sekretariat og barnehagekonsulent. Ein stor del av oppgåvene vil vere interne overfor dei tjenesteytande einingane, men også ein god del utadretta oppgåver t.d. i kontakt med næringsliv og innbyggjarar elles.

Utfordringar

- Gjennomføre kostnadsreduksjonar i drifta.
- Rekruttere og beholde kompetent personale.

Dette vil vi oppnå i 2018:

- Interkommunalt samarbeid må tilpassast ny kommunestruktur.
- Gjennomføre nødvendige reduksjonar i drifta.
- Gjennomføre politiske vedtak som følger av budsjettreduksjonane.
- Fortsette arbeidet med digitaliseringsprosjekt i alle deler av organisasjonen.

Dette vil vi oppnå i 2019-2021:

- Tilpasse tenesteproduksjonen etter dei økonomiske rammene.
- Tilpasse nye strukturelle endringar som følger av politiske vedtak.

Rådmannen si vurdering

Det blir viktig å samarbeide godt med einingane for å tilpasse tenesteproduksjonen til redusert driftsnivå. Det blir viktig å gjennomføre gode arbeidsprosessar, slik at organisasjonen på best muleg måte tek vare på sine tilsette. Trepertssamarbeidet vil vere viktig for å lukkast i dette arbeidet.

Økonomiske rammer

Eks.	Rekneskap 2016- netto	Budsjett 2017 Netto	Budsjett 2018 Netto	Øk.plan 2019 Netto	Øk.plan 2020 Netto	Øk.plan 2021 Netto
Sentraladm	28 606	25 751	26 249	26 249	26 249	26 249

4.2 Personal og kompetanse

Status og utfordringar

Vi har innført et nytt elektronisk rekrutteringssystem i 2017.

Arbeid med gjennomgang av alle HMS-rutiner er i gang, men er ikkje slutført.

Det er gjennomført leiaropplæring i sjukefråværsoppfølging, herunder digital sjukefråværsoppfølging. Dette vil halde fram og bli utvida i 2018.

Dette vil vi oppnå i 2018:

- Styrke arbeidsgjeverfunksjonen gjennom kontinuerleg oppfølging og intern opplæring av leiarar.
- Halde fram med intern opplæring av leiarar, tillitsvalde og verneombod i aktuelle tema som har med forholdet mellom arbeidsgjever og arbeidstakar å gjere, t.d. Hovudavtalen og Hovudtariffavtalen.
- Ta i bruk endå fleire mulegheiter som ligg i det elektroniske rekrutteringssystemet som vi har innført i 2017.
- Utnytte ytterlegare VISMA HRM til varsling og oppfølging innafor fagområdet vårt.
- Slutføring av arbeidet med gjennomgang av HMS-rutiner.
- Fortsette å ha fokus på nærværsfaktorer og tidleg avklaring i langvarige sjukemeldingssaker, og i samband med dette halde fram med kvartalsvise møte med NAV Surnadal.
- Utnytte betre dei analyseverktøya som ligg i VISMA BI og som gjeld fagområdet vårt.

Dette vil vi oppnå i 2019-2021:

Fortsette med å halde oss fagleg oppdatert innafor fagområda som ligg til Personal og kompetanse, når det gjeld endringar i lover, avtaleverk og rettspraksis, slik at lokal praksis i Surnadal kommune er i samsvar med dei endringane som skjer på dette området.

4.3 Næring og utvikling

Status og utfordringar

Næring og utvikling består av eit team som skal jobbe for samfunns- og næringsutvikling for heile kommunen og gjerne i samhandling med resten av Nordmøre. Våre oppgåver i tillegg til samfunns- og næringsutvikling er å forvalte næringsfondet og være HoppId kontakt. Utviklingsteamet skal sette i gang prosessar som skapar utvikling i dei ulike einingane, der oppstart, skrive

søknader og drifte prosessen kan være ein del av oppdraget. Kommunalsjefen er framleis uteleigd til Surnadal Hamneterminal AS som no går over i driftsfase. Vi fyller alle ulike verv og posisjonar, men hovudoppgåva vår er å skaffe eksterne midlar til dei tiltak vi vil gjennomføre. Dette gjer vi både i eigen regi og i samarbeid med andre, slik som næringsssamarbeidet med Sunndal.

Utfordringa vår er at vi er få og arbeidsoppgåvene mange. Vi har likevel evna å levere mange gode tenester og oppnådd dei mål vi har satt oss.

- Vi forsett å leie ut kommunalsjefen til Surnadal Hamneterminal AS i ei 30% stilling.
- Næringskonsulenten er utleid i sekretærfunksjon i Surnadal Alpinesenter AS, Surnadal Alpineiendom AS og Surnadal Næringsforening.
- Vi driftar næringsutviklingsprogram for SuSu saman med SUNS AS
- Vi har HoppId kontor.
- Vi har stadig aukande pågang på næringsfondet og bedriftsrådgiving i den samanheng.
- Vi har som oppgåve å profilere og selje industri- og næringsareal.

Handlingsprogram 2018

- Få ei god drift i Surnadal Hamneterminal AS, oppsøkande salgsarbeid for å opparbeide større kundekrets. Søkje om meir offentleg støtte til å utvide areal og planlegge terminalbygg.
- Fortsette med å få til eit godt system for oppfølging av verksemder som har fått støtte frå næringsfondet og jamnlege bedriftsbesøk
- Få fleire og betre etableringar med god og stabil drift
- Starte på ein ny 4-årig periode med næringsssamarbeid med Sunndal
- Starte programmet Næringsvenlig kommune med forstudie og søke Innovasjon Norge om midlar.
- Starte tiltak innanfor «Boligpolitisk plan» og etablere møteplassar for næringa. Meir offensiv marknadsføring av bustadtomter.
- Få fleire investorar/kjøparar i opparbeidd areal i Røtet
- Etablere «Ørafondet» som ei tilskottsordning for restaurering av hus på Surnadalsøra.

Dette vil vi oppnå i 2019-2021:

- Bidra til å auke talet på tilsette i næringslivet med 60 stillingar, 100 nye etableringar og styrke eksisterande næringsliv.
- Styrke Surnadal kommune sitt omdømme som ein god plass å bu.
- Bidra til å få utbygd Svartvatnet friluftspark.
- Bidra til å få bygd aktivitetspark i Sæterlia for heilårsdrift.
- Få min 10 mill. kr i eksterne midlar til nærings- og samfunnsutvikling i kommunen.

- Bidra til at kommunen blir enda betre til å imøtekomme næringa sine tenestebehov.
- Bidra til at sentrum blir meir publikumsvennleg og attraktivt
- Bidra til at Surnadalsøra kan utvikle seg til ein myldreplass for handverkarar og kunstnarar.
- Utvikle gode tiltak for SMB-bedrifter i samarbeid med Sunndal.
- Lage gode møteplasser for ungdommen frå fleire kommunar

4.4 Informasjon og service

Status og utfordringar

Ny heimeside

Vi har fått ny heimeside som vi håpar og trur skal gjere det enklare for sluttbrukaren å finne fram i. Digitalt førsteval står framleis som eit overordna mål og den nye heimesida er eit ledd i dette arbeidet. Vidare skal vi arbeide med utvikling av nye skjema.

Digital transformasjon

Digital transformasjon er ein prosess der brukarfokus og brukaroppleving er sjølve kjernen i endringa. Vi snakkar ikkje om mindre justeringar, men grunnleggjande endring i måten vi tilbyr tenester på. Surnadal kommune har satt i gong prosjekt direkte opp mot digital transformasjon. Leiargruppe og saksbehandlarar har fått innføring og opplæring i tema, og vi har engasjert Telenor med prosjektet «Smart kommune» for definere prosjekt og hente ut gevinstar.

Utfordringa med digital transformasjon er:

- Reglement som ikkje er oppdatert og tilpassa behova (delegasjon)
- Mangel på programvare og løysingar
- Det er kostbart å utvikle nye løysingar
- Vi skal endre på arbeidsprosessar som vil påverke arbeidsoppgåver for dei tilsette

Avlevering av eldre papirarkiv

Vi har avlevert alt som er datert før 1965. Og er no i gong med nyare arkiv.

Utfordringa her er bruk av ressursar. Det gjenstår mykje arbeid her som vi ikkje har ressursar til.

SvarUt

Status på SvarUt er at vi er godt i gong. Mange er dyktige, men vi kan bli langt betre. Utfordringa er å komme i gong. Saksbehandlarar som har brukt det ei stund er godt fornøgd, og gevinstane er store.

Nettmøte

Status på bruk av Skype (nettmøte) og kommunikasjonslysingar er at bruken har auka, men at det fortsatt er ein lang veg å gå. Mange av dei fysiske møta er no erstatta av digitale møte, men framleis er det stor reiseverksemd.

Utfordringa er at mange av dei andre deltakarane ikkje har teke i bruk dette verktøyet.

Dette vil vi oppnå i 2018:

- Innføre Office 365 for alle tilsette, og med det utnytte eit fantastisk verktøy med tanke på samhandling og fleksibilitet
- Gjennomføre prosjektet Smart kommune saman med Telenor for å kartlegge kor digital vi er, og saman med dei definere konkrete prosjekt vi skal arbeide vidare med
- I samband med digital transformasjon der brukaren er i fokus, skal vi utføre brukartesting på våre digitale tenester. Det være seg heimesider, søknadsskjema og dialog med innbyggjar via andre kanalar
- Innføre SvarInn som er ei nasjonal løysing for mottak av digital post.
- Prosjekt for avlevering av elektronisk saksarkiv i Ephorte
- Avlevere papirarkiv
- Arkivplana skal ferdigstillast og være godkjent innan utgangen av året. I samband med dette arbeidet skal vi og oppdatere saksbehandlarrutinane.
- Surnadal kommune skal vere med i arbeidet med å innføre «Min side»

Dette vil vi oppnå i 2019-2021:

- Anskaffe nytt sak- arkivsystem og få på plass ein felles arkivkjerne
- Vidareføre arbeid med avlevering av papirarkiv
- Innføre SvarUt frå fleire fagsystem. Utfordre leverandørane.
- Vidareføre arbeid med å utvikle «Min side»

5 Kultur

Status og utfordringar

Kultur for kultur!

Kultur for kulturen sin eigenverdi.

Kultur for bulyst, kultur som identitetsskapar, kultur som samfunnsbygger, kultur for inkludering, kultur for læring.

Kultureininga er eit lite ansvarsområde innanfor kommunen, men kulturen er eit av dei største områda i kommunen. Alle innbyggjarane blir påverka av kultur på ein eller annan måte i kvardagen sin. Surnadal er den kommunen med flest medlemmar i idrettslag i Møre og Romsdal. Totalt så har vi rundt 140 registrete lag og organisasjonar.

Organisasjonar med medlemmar som; overleverer kulturarv til barn og unge, som steiker bakels, køyrer land og strand rundt, ryddar stiar, leitar etter bortkomne, samlar og dokumenterer historia vår. Dei målar, fotograferer, spikkar, fisker, jakter, går på ski, køyrer opp skispor, sitt i styre. Denne lista kan fyllast på i det uendelege. Alle desse aktive folka har glede av sine aktivitetar, men vi ser at det er utfordring å fylle styreverva. Det er stadig nye krav som blir lagt på dei frivillige organisasjonane; Brønnøysundregisteret, rapportering for bruk av tilskot, digitale skjema og meir til. Vi meiner at det er ei av årsakene til at det er færre som ønskjer å ta ansvar i styret.

Her ligg moglegheitene og utfordringane til kultureininga. Vi må legge til rette for at Surnadal kan fortsette å ha eit aktivt kultur-, idretts- og friluftsliv også i framtida!

I tillegg til alt dette, så har vi stor aktivitet på kulturhuset; bra kinobesøk, utlån på biblioteket, kulturplanen er ferdig revidert og det kjem ei ny bygdebok til jul, men vi saknar fritidsklubben vår!

Dette vil vi oppnå i 2018:

- Gi ut den tredje bygdeboka.
- Arbeide vidare med Kavlvvegprosjektet i samarbeid med Nordmøre museum.
- Etablere fleire sosiale møteplassar for samvær og uorganisert aktivitet for barn og unge, med fokus på uorganisert ungdom.
- Sørge for at den nye rammeplanen til kulturskolen blir politisk behandla.
- Sette fokus på og styrke samhandling mellom, frivillig sektor, kommunen og næringslivet.
- Investere i meirope bibliotek

- Dagtilbod på kino og fleire faste kinokveldar
- Planarbeid – Plan for idrett og friluftsliv og kulturminneplan.

Dette vil vi oppnå i 2019-2021:

- Vidareutvikle bygdeboknettstaden
- Surnadalsøra som kulturell myldreplass
- Auke aktiviteten i Kallastua
- Arrangere barne/ungdomsmusikal
- Fleire opne og strømma debattar i biblioteket
- Utvikle ein App, med fokus på alt friluftsliv i Surnadal
- Vere tett på utviklinga i kulturskolen i samband med gjennomføringa av kommunereforma
- Aktivt arbeid med god læring i ungdomsrådet, gi ungdommane mulegheit til å styrke eigenaktivitet, jobbe med identitetstilhøyr, få meir medverknad og innflytelse.
- Det må vera eit mål for kommunen at det i løpet av 2018 forelegg eit alternativ for oppstart av ein framtidig ungdomsklubb. For å redusere kostnadene ved drift av klubben, bør ein sjå på ulike samarbeidspartnarar.

Økonomiske rammer

	Rekneskap 2016- netto	Budsjett 2017- netto	Budsjett 2018- netto	Øk.plan 2019- netto	Øk.plan 2020- netto	Øk.plan 2021- netto
Eining	6 531	6 026	6 033	6 033	6 033	6 033

Rådmannen si vurdering

Ramma er redusert med om lag 500.000 kr i 2017 samanlikna med tidlegare år, og det kan nok vise seg i strammaste laget. Men vi klarar å lage mykje god kultur for denne ramma, fordi vi i tillegg til kultureininga har eit stort engasjement frå frivillige lag og organisasjonar. Ungdommen er aktivt med i både «Give me 5» og 10-klasse prosjektet, samt ein svært aktiv Kulturskule. Vi har eit rikt og god tilbod på anlegg for å drive organisert idrett. Idrett og friluftsliv blir stadig viktigare for barn og unge, og ikkje minst for dei vaksne. STIKK-UT turar, stavgang, Kløverturar og vernetrim grip om seg med stadig fleire brukarar/deltakarar. Det må vi forsette å legge til rette for.

6 Politisk verksemd

Leiar for dette ansvarsområdet er ordføraren. Arbeidet blir støtta med sekretærbistand frå sentraladministrasjonen og tenestekjøp av revisjonstenester og kontrollutvalet sine sekretariatstenester.

Den politiske og administrative strukturen i kommunen blir kvart fjerde år vurdert i samband med kommunevalet. I denne perioden er på ny administrasjonsutvalet og arbeidsmiljøutvalet slege saman til eitt utval.

I fjor vart det vedteke nytt Møtereglement og Politisk reglement og delegasjon. Desse to dokumenta var tidlegare samla i eitt dokument.

Økonomiske rammer

Eks.	Reknesk ap 2016- netto	Budsjett 2017 Netto	Øk.plan 2018 Netto	Øk.plan 2019 Netto	Øk.plan 2020 Netto	Øk.plan 2021 Netto
Politisk verksemd	3 940	4 231	3 951	3 951	3 951	3 951

7 Oppvekst

7.1 Midtigrenda barnehage


Status og utfordringar:

-Ventelistene på barnehageplasser er stadig aukande, spesielt på småbarnsplasser.

-Vi har oppretta ei midlertidig avdeling for bhg.året 2017/18 -med småbarnsplasser i brakkeløysning. Dette er i seg sjølv utfordrande. Det må takast avgjersler på kvar det skal byggast ut permanente plasser, då det er eit sterkt behov for fleire småbarnsplasser i Surnadal kommune.

Dette vil vi oppnå i 2018:

- **Ny rammeplan:**
-Implementering av ny rammeplan (gjeld frå 1/8-17).



- **Sosial kompetanse:**
 - Utvikling av god sosial kompetanse hos barn og vaksne i barnehagen.
 - Samspill, gode relasjoner barn-barn/barn-vaksne, utvikle empati.
 - Fokus på vennskap og forebygging av mobbing.
- **Digital kompetanse:**
 - Utvikle gode digitale ferdigheter og digital dømmekraft hos barna og i personalgruppa, ved at vi har nok verkty og fokusere på innhaldet i ny rammeplan på dette området.
 - Samhandling med foreldra digitalt, utvikle dette vidare etter felles verkty i bhg.
- **Tverrfagleg samarbeid:**
 - ICDP-foreldreveiledning – skulerte veiledere som arbeider tverrfagleg, der dei held foreldreveiledningskvelder vår/haust. Godt samspill mellom barn og foreldre.
 - Oppstart av personalveiledning etter samme mal som foreldreveiledninga (ICDP).

Dette vil vi oppnå i 2019-2021:

- Fortsette arbeidet med implementering av ny rammeplan.
- Fortsette arbeidet kring sosial kompetanse og relasjonskompetanse,
- Fortsette foreldreveiledning og personalveiledning etter ICDP-prinsippet.
- Arbeide med Framtidas oppvekst, der vi ser samanhengar mellom ny rammeplan og Framtidas barnehage – og utvikle gode pedagogiske arbeidsmåter for å gje barna det dei treng for å møte framtida.

Økonomiske rammer

	Rekneskap 2016- netto	Budsjett 2017- netto	Budsjett 2018- netto	Øk.plan 2019- netto	Øk.plan 2020- netto	Øk.plan 2021- netto
Midtigrenda barnehage	7 359	6 516	7 852	7 852	7 852	7 852

7.2 Øye og Skei barnehage

Status og utfordringar

- Det er stor pågang på småbarnsplassar i kommunen.

- Eininga må vurdere korleis vi kan bidra for å gje plass til alle som søker om barnehageplass.

Dette vil vi oppnå i 2018:

- **Sosial kompetanse**

Ha fokus på:

- relasjonane barn – vaksen, barn – barn
- vennskap, leikekodar, initiativ til samspill
- normer for samhandling, dialog rundt desse
- utvikle empati og refleksjon rundt dette
- førebygge mobbing

- **Utvikling av digital kompetanse**

Ha fokus på:

- digital kommunikasjon med foreldre gjennom Visma skole
- vi skal sjå på dei digitale verktya som reiskap i arbeidet med å nå mål i Rammeplana (rpl) som sosial kompetanse, leik, kreativitet og læring
- auke

- **Kompetanseutvikling**

- Vi skal i gang med Fleirfagleg blick våren 18.
- Vi skal ha opplæring for personalet i ICDP
- Vi fortsetter implementeringa av ny rammeplan

Dette vil vi oppnå i 2019-2021:

- Vi ynskjer å utvikle relasjonskompetanse gjennom utviklingsarbeid i løpet av perioden.
- Vi vil fortsette implementeringa av ny rpl.

Økonomiske rammer

	Rekneskap 2016- netto	Budsjett 2017- netto	Budsjett 2018- netto	Øk.plan 2019- netto	Øk.plan 2020- netto	Øk.plan 2021- netto
Øye og Skei barnehage	11 386	11 003	11 407	11 407	11 407	11 407

7.3 Bøfjorden og Bæverfjord oppvekstsenter

Status og utfordringar

- Ramma er ikkje tilpassa dagens drift, avviket er venta å auke dei neste åra.
- Auke i elevtalet til neste år

- Godt samarbeid mellom skule og barnehagar, fleksibilitet.

Dette vil vi oppnå i 2018:

- IKT: Prioritere innkjøp/ oppdatering/ vedlikehald av IKT-utstyr for elevar og tilsette.
- Vi treng også to smartboard.
- Stort fokus på godt skulemiljø i dagleg arbeid og i elevrådet.
- Fokus på nye forskrifter i §9A.
- Utvide det digitale samarbeidet mellom skule/elevar og heimane. (minst muleg raselpost)

Dette vil vi oppnå i 2019-2021:

- Ein skule og barnehagar med oppdatert IKT-utstyr med god dekning.
- Stabilt kompetent personale, med berre naturlege skifte av kontaktlærar.
- Skule og barnehagar som held fokus på godt skule- og barnehagemiljø.
- Ei realistisk økonomisk ramme, som varettek både skule og barnehage på ein god måte.

Økonomiske rammer

	Rekneskap 2016- netto	Budsjett 2017- netto	Budsjett 2018- netto	Øk.plan 2019- netto	Øk.plan 2020- netto	Øk.plan 2021- netto
Bøfjorden og Bæverfjord oppvekstsenter	7 087	6 811	7 184	7 184	7 184	7 184

7.4 Mo oppvekstsenter

Status og utfordringar

- Stabilt barnetal i barnehagen. Pr i dag inga ledig kapasitet i barnehagen. Frå hausten 2018 er det ei auke i elevtalet frå 35- 40 elevar hausten 2018.
- Godt samarbeid melom barnehage og skule.
- Fleksibilitet i personalgruppa og godt samarbeid på tvers barnehage, skule og SFO.
- Ramma er ikkje stor nok til å dekkje lønsutgiftene.



- På grunn av fosterheimplassering i anna kommune ventar vi eit stort refusjonskrav i 2017 og i 2018 opp mot 1.mill. Ramma vår dekkje ikkje denne utgifta.
- Vi har barn i risiko som treng tidleg innsats frå barnehagen. Barnevernet seier at barnehagen fungerer som ein beskyttelses faktor for desse barna. Vi har i utgangspunktet ikkje nok grunnbemanning for å ivareta desse barna godt nok. Og vi har ikkje økonomi til å sette inn ønska tiltak for å hjelpe dei.
- **Dette vil vi oppnå i 2018:**
- Oppdatert IKT utstyr:(fleire ipadar, PC`ar, kanon med eiga datamaskin, programvare til bruk i undervisninga)
- Oppvekstsentret arbeider for at alle elevar og barn skal ha ein trygg og god kvardag jmf. kap. 9A.
- Kompetanseutvikling. Heile personalgruppa ved oppvekstsentret skal bli kursa i ICDP. Der temaet er relasjon barn-voksen.
- Meir digitalt samarbeid med heimen.

Dette vil vi oppnå i 2019-2021:

- Økonomisk ramme som gjer oss i stand til å oppfylle dei behova elevar og barna har.
- Kompetent personale som er gode på relasjon barn-voksen der alle er bidragsytarar til eit godt kvalitativt arbeids, skule, barnehagemiljø.
- Komme langt med implementering av ny rammeplan i barnehagen.
- Fokus på bruk av digitale verktøy i det pedagogiske arbeidet både i barnehage og i skulen.
- Kompetent personalet i forhold til bruk av IKT.

Økonomiske rammer

	Rekneskap 2016- netto	Budsjett 2017- netto	Budsjett 2018- netto	Øk.plan 2019- netto	Øk.plan 2020- netto	Øk.plan 2021- netto
Mo oppvekstsenter	7 169	6 574	7 437	7 437	7 437	7 437

7.5 Totalen og Stangvik oppvekstsenter

Status og utfordringar

- Stor auke i barnetalet dei siste åra

- Barn som har ekstra behov både med tanke på personale og innreiing
- Stor fleksibilitet i personalgruppa som gjer at vi kan møte desse utfordringane på ein best muleg måte
- At ein får økonomiske rammer til å møte dei utfordringane auka barnetal gjev
- At auka barnetal ikkje skal gå ut over kvaliteten på tilbodet i barnehagen og skulen
- **Dette vil vi oppnå i 2018:**
- Fortsatt satsing på IKT gjennom å prioritere godt IKT-utstyr til tilsette og barn, og at kommunikasjonen mellom heim-skule blir meir digital
- Ved alle fire avdelingane vil ein fortsatt arbeide aktivt for eit godt skule- og barnehagemiljø der vi har fokus på dei nye lovkrava i § 9A
- Kompetanseutvikling blant personalet

Dette vil vi oppnå i 2019-2021:

- Eit fortsatt kompetent og stabilt personale som vil gje god kvalitet i barnehage og skule med tanke på bl.a. IKT-satsinga og arbeidet for eit godt skule- og barnehagemiljø
- Ei økonomisk ramme som kan gjere dette arbeidet mogleg
- Implementere ny rammeplan i barnehagen

Økonomiske rammer

	Rekneskap 2016- netto	Budsjett 2017- netto	Budsjett 2018- netto	Øk.plan 2019- netto	Øk.plan 2020- netto	Øk.plan 2021- netto
Todalen og Stangvik oppvekstsenter	16 799	15 979	16 379	16 379	16 379	16 379

7.6 Øye skule

Status og utfordringar

- Elevnedgang på 20 elevar frå skuleslutt juni 2017 til skulstart aug. 2017. Frå skulestart aug. 2017 til januar 2018 stig elevtalet med 8 elevar, kjente tal per no.
- 4 nye elevar i haust kjem rett frå flyktningeleir med ingen norskkunnskap. Desse elevane treng tospråkleg assistent/lærar – det kan vi få rekruttert frå Sunndal – det krev ekstra økonomiske ressursar som vi ikkje har

- Satsing på tidleg innsats på 1.-4. trinn med ekstra lærarar og spesialpedagogar. Inneverande budsjettår fekk vi 845 000,- ekstra frå Stortinget til dette. Gjennom statsbudsjettet ser det ut for at dette blir vidareført i 2018

Dette vil vi oppnå i 2018:

- Vi ønskjer å vidareføre tidleg innsats for 1.-4. trinn
- Vi ønskjer å vidareføre den store satsinga på IKT
- Vi vil oppfordre lærarar til å ta vidareutdanning i engelsk i skuleåret 2018/19
- Vi ønskjer å «Skape eit godt og trygt elev- og læringsmiljø for alle elevane våre. Dette vil vi oppnå ved å satse på «Godt samarbeid skule-heim» - «Motivasjon» - «God klasseleiing» - «Relasjonsbygging» - «Vaksne må vere tilstades»

Dette vil vi oppnå i 2019-2021:

- Ein ny skule for elevar og tilsette som har fasilitetar vi no manglar, men som i 2017 er sett på som normal standard. Eks: Kantine for elevane, gode og eigna lokale for SFO, garderobar tilpassa elevatal og alder, store og gode nok lærararbeidsplassar som er eigna for samarbeid med kollegaer osb
- Behalde ein stab tilsette med god fagleg differensiert utdanning
- Satse på vidareutdanning i fag vi manglar kompetanse

Økonomiske rammer

	Rekneskap 2016- netto	Budsjett 2017- netto	Budsjett 2018- netto	Øk.plan 2019- netto	Øk.plan 2020- netto	Øk.plan 2021- netto
Øye skule	27 784	27 846	27 678	27 678	27 678	27 678

7.7 Surnadal ungdomsskule

Status og utfordringar

- Godt fungerande organisasjon. Kompetent personale.
- Viktig at prosessen fram mot Nye Øye skuleområde blir best mogleg.
- Viktig at tilpassing til endra elevtal ikkje går ut over kvaliteten på innhaldet i skulen.
- Framleis same tal på grupper, men ramme redusert med kr 500' (2018).



Dette vil vi oppnå i 2018:

- IKT: Prioritere oppdatering/ vedlikehold av IKT-utstyr for elevar og tilsette.
- Sosial kompetanse: Satsinga på MOT er ein viktig del av arbeidet for godt læringsmiljø på SUS, og held fram.
- Pedagogisk utviklingsarbeid: Halde fram med systematisk utviklingsarbeid basert på aksjonslæring. For skuleåret 2017/18 er satsingsområdet grunnleggande leseevne og *skrivning* i alle fag.
- Kompetanseutvikling: Halde fram med oppfølginga av kompetansehevingsplanen, med basisfaga som førsteprioritet. To lærarar på vidareutdanning.
- Personale og økonomi: Oppretthalde vaksentettleiken.

Dette vil vi oppnå i 2019-2021:

- Arbeide for at den nye barne- og ungdomsskulen blir ein god skule for alle elevar og tilsette.

Økonomiske rammer

	Rekneskap 2016- netto	Budsjett 2017- netto	Budsjett 2018- netto	Øk.plan 2019- netto	Øk.plan 2020- netto	Øk.plan 2021- netto
Surnadal ungdomsskule	23 356	23 035	22 950	22 950	22 950	22 950

7.8 Vaksenopplæring og integrering

Status og utfordringar

- I kommunen bur det i skrivande stund om lag 90 flyktningar. 45 av desse deltek i kommunen si introduksjonsordning. Ved vaksenopplæringa får om lag 55 elevar opplæring i norsk og grunnskulefag.
- Samstundes med at talet på asylsøklarar som kjem til Noreg er betydeleg redusert får og ein større del av asylsøklarane avslag på søknadane sine om opphald. Dette vil i sin tur føre til at kommunane blir oppmoda om å busette færre flyktningar enn tidlegare førespegla. Når kommunen busett færre flyktningar vil det føre til at statlege overføringar blir redusert og at aktiviteten i eininga må takast ned.
- I 2018 har Surnadal kommune fått spørsmål om å busette 10 flyktningar

- Auke rolleforståinga for flyktningarbeidet internt i kommunen.

Dette vil vi oppnå i 2018:

- Gje dei busette flyktningane tilbod om eit målretta og individuelt tilpassa introduksjonsprogram.
- Busette det talet på flyktningar som kommunestyret eventuelt gjer vedtak om.
- Sikre flyktningane godt tilpassa opplæring i norsk og grunnskulefag.
- Betre integreringsarbeidet gjennom å samarbeide med dei frivillige organisasjonane.
- Arbeide med at flyktningarbeidet får ei klårare oppgåvefordeling mellom dei kommunale einingane.

Dette vil vi oppnå i 2019-2021:

- Tilby dei flyktningane som blir busett i kommunen og som er i målgruppa for introduksjonsordninga eit godt og målretta kvalifiseringsløp som er i tråd med dei krav som introduksjonslova sett. Dette gjel anten dei vel å gjennomføra grunnskuleopplæring eller praktisk norsk der arbeidspraksis/språkpraksis er ein del av kvalifiseringsløpet.
- Tilby framandspråklege som busett seg i kommunen grunnleggande norskopplæring.
- Skape god samarbeidsrelasjonar mellom kommunen og dei frivillige organisasjonane.
- Minst 80 % av dei som avsluttar introduksjonsprogrammet over i aktive tiltak innan eit år etter avslutta program.
- Arbeide for at flyktningar og innvandrarak blir ein naturleg brukargruppe av dei offentlege tenestene i kommunen.

Økonomiske rammer

	Rekneskap 2016- netto	Budsjett 2017- netto	Budsjett 2018- netto	Øk.plan 2019- netto	Øk.plan 2020- netto	Øk.plan 2021- netto
Vaksenopplæring og integrering	15 886	15 323	15 279	15 279	15 279	15 279

Rådmannen si vurdering

Innanfor oppvekstsektoren er det største utfordringa i komande økonomiplanperiode å planleggje og byggje nytt skulebygg for elevar og tilsette på Øye skule og Surnadal ungdomsskule. Etter behandlinga i kommunestyret i september 2017, er Plan- og byggjenemnda no i gang med å utgreie tre likeverdige alternativ. Planen er å få eit endeleg vedtak om alternativ i kommunestyret i april 2018.

Einingane i oppvekst varslar om tronge rammer, der det er lite rom for nye utfordringar eller endringar. Med ein gong vi får fleire barn i ein barnehage, refusjonskrav frå ein annan kommune eller fleire barn med særskilde behov, har einingane store utfordringar med å halde budsjetta sine. Ein auke i talet på barn 0 år og 1 år frå 2016 til 2017 på 18 barn, hovudsakleg i Nedre Surnadal, har gjeve stort behov for fleire småbarnsplassar. Midtigrenda har fått ei mellombels løysing for barnehageåret 2017/18, medan rådmannen er i ferd med å skrive ei sak om meir permanente løysingar som kjem til politisk behandling våren 2018.

Størstedelen av budsjetta går til løn for tilsette. Kvaliteten på barnehage – og skuletilboda er direkte knytt til talet på tilsette. Dette ligg også inne i statsbudsjettet for 2017, der det er varsla forventa satsinga på dei yngste barna i grunnskulen på 1.- 4. trinn. Noko av denne satsinga kjem som øyremerkte midlar utanom rammeoverføringa, medan ein del er lagt inn med «bruksanvisning». Det er varsla i framlegget til statsbudsjett for 2018, at denne ordninga blir vidareført. Dette er midlar Surnadal kommune må rapportere særleg om bruken av, og dersom ein ikkje kan dokumenterer at dei blir brukt til å auke innsatsen for 1.- 4.trinn i alle barneskulane utover kommunen sine egne ressursar, vil ein miste tilskotet.

Det er gledeleg at vi har fått spørsmål om busette flyktingar også i 2018. Dette har nok med kommunestorleik å gjere, men også med godt busettingsarbeid dei siste åra. Det gjer også at vi truleg slepp ei så omfattande nedbemanning i denne eininga, som det tidlegare har vore lagt inn. Dette kan også gjere det enklare å gjennomføre dei foreslåtte kutta i rammene til Øye skule og Surnadal ungdomsskule.



8 Helse og omsorg

8.1 Helse og familie

Status og utfordringar

Kommuneplanen sin samfunnsdel, Omsorgsplanen og Rusmiddelpolitisk handlingsplan, gir føringar for eininga sine tiltak. Folkehelse, koordinerte tenester, helsestasjon- og skulehelseteneste har vore satsingsområde siste åra. Frisklivssentral og folkehelsekoordinatorstilling vart kutta etter budjettprosessen i 2016.

Kommunen brukar mindre av sitt netto driftsbudjett til helsetenester enn resten av landet. Og ligg langt under landet når det gjeld helsesøsterårsverk.

Utfordringar

- Vi har utfordringar innan helsestasjon og skulehelsetenesta når det gjeld oppfølging av barselkvinner og nyfødte etter utskrivning frå sjukehus (utskrivning etter 2 døgn). Det ligg eit krav om tilsyn av jordmor innan 48 timar etter heimkomst. Dette klarar vi ikkje å oppfylle, og det vil ha konsekvensar for barna med låg fødselvekt, med symptomar på gulsott, mødre med ammeproblematikk og andre barselkomplikasjonar.
- Mange barn og unge slit med psykisk vanskar, og det blir ikkje nok tid til skulane.
- Busetting av flyktningar og familiegjenforening fører til auka press på helsestasjonen. Konsultasjon og oppfølging av familiane, bla. med vaksiner, er tidkrevjande og blir ikkje prioritert nok.
- Reisevaksiner har auka, da fleire av oss reiser til land som krev spesielle og nye vaksiner. Dette krev mykje oppdatering og forarbeid av helsesøstrene, og blir vurdert å avvikle lokalt frå 2018. Dei det gjeld må da få gjort dette på vaksinasjonskontoret i Trondheim.
- Få rekrutert fastlegar i ledige hjemlar og kommuneoverlege.

Dette vil vi oppnå i 2018:

- Vidareføre prosjekt «God oppvekst» saman med PPT og IK barnevern (ICDP og Tverrfaglig blick)
- Få rekrutert fastlegar, og kommuneoverlege (avklaring i SIO mht interkommunalt samarbeid vdr kommuneoverlegestilling)
- Vidareføre prosessen med å få på plass oversiktsdokument når det gjeld helsetilstand og faktorar som påverkar denne.
- Arbeide vidare med å få eit tilfredstillande helsestasjonstilbod for busette invandrarar og nye som kjem.



- Arbeide aktivt med kvalitetssikring av tenestene våre.
- Arbeide for ei vridning av helsetenesta til meir tid til skulehelseteneste, fortrinnsvis på ungdomsskulen.

Dette vil vi oppnå i 2019-2021:

- Ha eit fagleg forsvarleg helstilbod i samsvar med lover og forskrifter innenfor alle tenesesteområda i Helse og familie.
- Tverrfagleg arbeid med barn og unge-tidleg innsats
- Implementere aktuelle pakkeforløp som kjem innanfor psykisk helse, både for vaksne og barn og unge.

Økonomiske rammer

	Rekneskap 2016- netto	Budsjett 2017- netto	Budsjett 2018- netto	Øk.plan 2019- netto	Øk.plan 2020- netto	Øk.plan 2021- netto
Helse og familie	19 378	21 128	21 551	21 551	21 551	21 551

8.2 Sjukeheimen

Status og utfordringar

Tenester i eininga Surnadal sjukeheim, omfattar heildøgns omsorg og pleie. I tilknytning til opphaldet skal det være organisert legeteneste, fysioterapiteneste og sjukepleiarteneste i samarbeid med andre deler av den kommunale helse- og omsorgstenesta. Tenesta er heimla etter Lov om helse- og omsorgstenester m.m

- Langtidsavdeling 1: 16 langtids plassar
- Langtidsavdeling 2: 16 langtids plassar
- Kåret, avdeling for demente: 16 plassar. Ved behov for forsterka skjerming må pasienttalet reduserast til 15 plassar.
- Bu- og aktivitet (BOA): 18 plassar der 12 er langtids plassar, 5 er korttids plassar og ein er avlastningsplass.
- Obs-post (BOA): 2 rom med plass til 4 pasientar, 1 plass for palliativ behandling.
- Storkjøkken som produserer mat for sjukeheimen, omsorgsbustadane, heimebuande (matombringning), skular og barnehagar i tillegg til drift av tre kantiner.
- Vaskeri

Bygningsmassen ved sjukeheimen treng framleis meir oppussing. Ein håpar at begge avdelingskjøkkene ved langtidsavdelingane blir utskifta i løpet av året. Tre av bada ved avdeling Boa, er pussa opp, men meir eller mindre alle bada på avdelinga treng oppgradering.

Ved sjukeheimen var det per 31.08.2017 92,06 årsverk. Ein har i ein periode på fleire år hatt eit problem med rekruttering til sjukepleiar- og vernepleiarstillingane. Dette er dessverre framleis situasjonen.

Det har vore utskifting i einingsleiarstillinga. Det kan vere utfordrande å halde ei god og oversikteleg drift utan kontinuitet i einingsleiarstillinga. Vi har og framleis ei utfordring med at det ikkje er ein oversjukepleiar ved kvar avdeling.

Dette vil vi oppnå i 2018:

- Meir bruk av velferdsteknologi
- Vedlikehald av uteareal, oppgradering av hage ved langtidsavdelingane
- Vedlikehald av inventar og utstyr
- Tett oppfølging av utviklingsprosessane våre og av tilsette
- Fortsette arbeidet med tett oppfølging av sjukmeldte og det gode samarbeidet med Nav
- Meir medverknad frå tilsette i muligheter innan tilrettelagt arbeid
- Tettare samarbeid med tillitsvalde og vernetenesta i arbeidsmiljøarbeid
- Overgang til ny turnusordning, årsturnus

Dette vil vi oppnå i 2019-2021:

- Færre tilsette pr. leiar
- Redusere sjukefråværet til under 8%
- Fortsette arbeidet med fagutvikling med fokus i kompetansesirkelen

Økonomiske rammer

	Rekneskap 2016- netto	Budsjett 2017- netto	Budsjett 2018- netto	Øk.plan 2019- netto	Øk.plan 2020- netto	Øk.plan 2021- netto
Sjukeheimen	49 510	50 597	49 782	49 782	49 782	49 782

8.3 Bu- og aktivitetstenesta

Bu- og aktivitetstenesta har desse tenestene:

- Bårdshaugen fellesbustad med tenester overfor 9 brukarar
- Sommerro fellesbustad med tenester overfor 7 brukarar

- Leitet fellesbustad med 8 brukarar
- Nistutrøa med 2 brukarar
- Røssmoen fellesbustad med 2 brukarar (Røssmovegen 34)
- Røssmovegen 28 med 3 brukarar + avlastning for 3 brukarar
- Sommerrotunet aktivitetshus med dagtilbod til 19 faste på dagtid. Totalt 30- 40 brukarar med aktivitetar på dag, kveld og helg.

Status og utfordringar

Eininga gir tilbod til personar med ulike formar for utviklingshemming, som har eit behov for bustad med individuelt tilrettelagte tenester til daglege gjeremål, avlastingsopphald i bustad og ulike formar for aktivitetstilbod og arbeid. For nokre få år sidan hadde eininga pågang om tilbod til nye brukargrupper innan rus, psykisk helse og andre personar som har behov for bistand/miljøarbeid i kvardagen. Pågangen har ikkje vore like stor i det siste, men det er innbyggjarar i kommunen som vil kunne hatt nytte av å ha eit tilbod med tanke på økt innhald i kvardagen og dermed betring av livskvalitet, samt for å førebygge innlegging i sjukehus.

- Sommerrotunet aktivitetshus som vart ferdigbygd hausten 2015, har vore eit særst positivt løft for heile eininga og for brukarar frå både Rindal og Halså. Tenesta har eit tilbod til utviklingshemma både på dag, kveld og helg. Saneavdelinga blir og brukt av andre brukarar både i og utanfor kommunen. Som eit ledd i innsparinga for 2017 vart ei stilling på 20% tatt bort på nyåret. Dette resulterte i at 3 brukarar mista aktivitetstilbodet dei hadde. Våren 2017 fikk ein brukar med psykiske utfordringar tilbod om deltaking i aktivitetstilbodet for utviklingshemma ein dag i veka. Etter sommaren vart tilbodet utvida til 4 dagar i veka, utan auke i bemanninga. Brukaren har tilgang på kvalifisert personale og har stor helsegevinst av tilbodet.
- Eit av måla er å auke fagkompetansen og tilstrekkeleg med helsepersonell gjennom utdanning og rekrutteringstiltak. Dette har vore eit satsingsområde i saman med fylkeskommunen. Det er fleire som tek vernepleiarutdanning desentralisert over 4 år og på fulltid over 3 år.
- Som eit ledd i kompetanseheving har ein og starta eit eige fagfora for dei med 3-årig helse- og sosialfagleg utdanning. Dette håper vi skal vere med å gje eit løft for kvaliteten på tenestene i heile eininga.
- Det er starta ei arbeidsgruppe på tvers i pleie- og omsorgstenesta, for å utvikle løysingar som kan gje endringar i måten å samarbeid på og korleis vi nyttar kompetansen i eininga. Målet er å sjå om teknologiske hjelpemiddel kan vere aktuelt. Gevinsten kan vere betre ressursbruk og økt handlingsrom for brukarane.

Utfordringar:

- Eininga skal arbeide med å få god kontroll og oversikt over økonomien i tenesta. Gjennom oppretting av tenestenummer per bustad vil ein få ei betre oversikt enn tidlegare.
- Ved Sommerrotunet aktivitetshus avd. psykisk helse, er det behov for ei 50% stilling for å kunne etablere eit tilbod. Pr i dag er det ikkje mogleg å ta imot fleire brukarar utan auke i bemanninga. Eit dagtilbod med personale til stades kan bidra til at fleire personar med psykiske utfordringar får ei positiv helsefremmande utvikling.
- Frå januar av er det meldt om at ein ny brukar har behov for eit aktivitetstilbod ved Sommerrotunet aktivitetshus. Brukaren har fram til no hatt eit tilbod ved Trollheim AS. Det er ikkje rom for å gi brukaren eit tilbod ved aktivitetshuset utan først å auke bemanninga.
- Sjukefråværet har gått jamt ned og ligg på ca. 7 %. Det er fleire som er ute i langtidssjukefråvær. Korttidsfråværet er likevel for høgt og det vil bli arbeidd med å få redusert fråværet.
- I statsbudsjettet for 2018 ligg det forslag om endring i kommunenes refusjon av direkte lønnsutgifter for bistand overfor særskilt ressurskrevjande brukarar. Innslagspunktet blir auka frå 1.157.000 til 1.235.000 og fråtrekk for rammetilskotets del for kriteriet psykisk utviklingshemma over 16 år blir auka frå 620.000 til 655.000.
- Det er for få tilsette i eininga med helse- og omsorgsfaglig høgskuleutdanning for å kunne oppfylle krava i Helse- og omsorgstenestelova kap. 9. Etter tilsyn frå Fylkesmannen sommaren 2017, har kommunen fått pålegg om å auke kompetansen gjennom rekruttering av fleire med helse- og sosialfagleg høgskuleutdanning i bustader der brukarar har vedtak etter HOL kap. 9.

Dette vil vi oppnå i 2018:

- Ferdigstille bygging av nye fellesareal i to bustader for betre ressursutnytting og kvalitet for brukargruppa. Reduksjon med ca. 1 årsverk.
- Bygging av garasje/grovverkstad ved Sommerrotunet aktivitetshus for å ha fleire muligheiter for aktivitet.
- Satsing på fagutvikling og internundervisning for alle tilsette. Omgjering av assistentstillingar til stillingar for personell med helse- og omsorgsfagleg høgskuleutdanning og rekruttering av rett kompetanse for å oppfylle lovkrav i HOL kap. 9. Vidareutdanning innafor velferdsteknologi, psykisk helsevern og rusarbeid for å auka kompetansen i eininga og kvaliteten på tenestene.
- Utvide aktivitetstilbodet for å gi eit tilbod til fleire brukarar, som ikkje lenger kan nytte tilbodet dei har ved Trollheim AS.

- Vidareutvikle løysingar som kan gje varige endringar i måten å samarbeide på og nytte kompetansen på tvers av einingane i helse- og omsorg. Nyheiter innanfor tilgjengelig velferdsteknologi må utredas med tanke på bruk, gjeldande lovverk, retningslinjer samt brukarmedverknad for å kunne gi tenestemottakarane større handlingsrom og tilsette betre oversikt.
- Arbeide med arbeidsmiljøtiltak, som kan gje trivsel og lågare sjukefråvær.
- Førebyggande psykisk helsearbeid, få i gang drift med dagtilbod og andre miljøterapeutiske tiltak dersom det er rom for det i budsjettet.
- Utprøving av alternativ turnus, med langturnus på helg og ein utprøving både kvardag og helg, med mål om fleire heiltidstilsette og mindre bruk av deltidsstillingar.

Dette vil vi oppnå i 2019-2021:

- Innføring av velferdsteknologi etter utredninga i 2018.
- Regelmessig internundervisning for tilsette. Arbeide for at alle tilsette har eit minimum av formalkompetanse i form av fagbrev innafor helse- og omsorg på vidaregåande nivå. Rekruttering av nye tilsette med helse- og sosialfaglig utdanning på høgskulenivå. Fagfora for dei med 3-årig høgskuleutdanning. Økt satsing og stimulering til vidareutdanning innafor velferdsteknologi, psykisk helsevern og rusarbeid.
- Arbeide med å halde sjukefråværet lågast mogleg.
- Evaluere og eventuelt vidareføre alternativ turnus. Fleire heiltidstilsette og mindre ufrivillig deltid gjennom bruk av eksempelvis langturnus. Sjå på moglegheit for bruk av årsturnus.
- Vidareutvikle og eventuelt utvide arbeidet innafor førebyggande psykisk helsearbeid.

Økonomiske rammer

	Rekneskap 2016- netto	Budsjett 2017- netto	Budsjett 2018- netto	Øk.plan 2019- netto	Øk.plan 2020- netto	Øk.plan 2021- netto
Bu- og aktivitetstenesta	45 977	40 234	42 774	42 774	42 774	42 774

8.4 Heimetenesta

Status og utfordringar

Internasjonale og nasjonale trendar går mot at stadig meir helsetenester skal utførast i pasienten sin heim, eller nærast mogleg heimen. Det er også eit overordna nasjonalt helsemål at folk skal få bu heime så lenge dei ønskjer det, trass sviktande helse. I dette biletet er rehabilitering eit sentralt fagområde, og omgrep som heimerehabilitering og kvardagsrehabilitering beskriv dei nye trendane. Heimetenestene tilbyr både spesialisert rehabilitering i heimen og hjelp til kvardagsmeistring. I Surnadal kommune har heimetenestene vore langt framme i dette arbeidet gjennom metoden HPH (Helhetlig Pasientforløp i Hjemmet), der vi arbeider med pasienten si eigenmeistring.

Vi ønskjer å etablere ein kultur som er kjenneteikna av kunnskap, læring og samhandling. Vi har trua på at kunnskap skal delast for å oppnå læring og utvikling. Difor legg vi til rette for samhandling mellom dei ulike fagområda for å styrke kvarandre. Dei seinare åra har vi bygd opp kompetanse på demens, kreft, diabetes, geriatri, kvardagsrehabilitering, psykisk helse og legemiddelhandtering. Vi har dyktige og engasjerte leiarar som ved bruk av eit pasientforløp i stadig utvikling, greier å sy saman rett kompetanse, på rett stad til rett tid for brukaren og pasienten.

Dette vil vi oppnå i 2018:

- Etablere kvardagsmeistring, kvardagsrehabilitering og heimerehabilitering som ein integrert del av heimetenestene.
- Innføre ny velferdsteknologi som multidosedispensere, elektroniske dørlås og digitale tilsyn.
- Utvikle og forbedre pasientforløpet (HPH- helhetlig pasientforløp i hjemmet) gjennom deltaking i KS sitt nettverk i Møre og Romsdal.
- Styrke tilbodet til pårørande i tråd med krav i nytt rundskriv om pårørandeoppfølging.
- Auka brukarmedverknad som følgje av deltaking i «SUSTAIN»-prosjektet.
- Vidareføre erfaringane frå prosjektet «Samhandling på siste vakt» i dagleg drift.
- Få demenskoordinator, kreftkoordinator og diabetessjukepleiar tidlegare inn i pasientforløpet. Helst ved diagnosefastsetting.
- Etablere førebyggjande heimebesøk som eit fast tilbod.
- Surnadal kommune vil styrke arbeidet med informasjon om mulighetene for finansiering av bygningsforbetringar gjennom Husbanken. Dette for å



bidra til at dei som vil og kan bu heime så lenge som mulig, kan tilrettelegge bustaden sin på eit slik vis at dette er mogleg.

Dette vil vi oppnå i 2019-2021:

- Ta i bruk teknologiske løysingar som kan auke tryggleiken og eigenmeistringa for innbyggjarane, og forenkla og effektivisere arbeidsprosessar for tenesteytarar.
- Arbeidslokale som er tilpassa dei oppgåvene vi skal løyse og som legg til rette for tverrfagleg samarbeid. Helsehus.

Økonomiske rammer

	Rekneskap 2016- netto	Budsjett 2017- netto	Budsjett 2018- netto	Øk.plan 2019- netto	Øk.plan 2020- netto	Øk.plan 2021- netto
Heimetenesta	32 594	32 549	33 184	33 184	33 184	33 184

8.5 NAV Surnadal

Status og utfordringar

Ut frå budsjettet står det lønn sjukevikar på kr 526 000,- det er noko usikkert, her er lagt alle utgifter til lønn under teneste 3053, 3055, 3100 og 3180, til saman 7 personer med gjeldsrådgivar.

Det er muleg permisjon på 50% også neste år i tillegg til muleg 20% permisjon og 10% oppseiing, men dette er noko uklart og blir avklart i løpet av 1-2 mnd. Om det blir slik er det muleg å overføre dette til stilling gjeldsrådgivar 100% (refusjon 20% frå Halså og 20% frå Rindal) og kostnad 60% for Surnadal kommune, og da slepp Surnadal kommune og ta av fondsmidlane.

Det er ein auke i budsjettet i år, det gjeld posten sosialhjelp og kvalifiseringsprogrammet og skuldast flyktningar som er ferdig med intro.programmet og som ikkje har kome inn på skole eller har fått seg jobb. Her må NAV inn med kvalifisering og lange kvalifiserings- og opplæringsløp. Her tar også staten ein del i form av statlege tiltak og enkeltkjøp av kurs. Kommunen har overføring av midler i 5 år, og da er det naturleg, om ikkje kommunen har tiltak som er eigna og kvalifiserande, at NAV får overført midlar til vidare kvalifiseringsløp. Mange har også supplerande ytingar. Vi må tenke arbeid og aktivitet. Det er viktig å få fleire ut i jobb, slik at dei blir sjølvforsørgande. Dette gir også inntekter til kommunen.

Det er vanskeleg å finne noko i budsjettet å spare inn på, bortsett da frå stillingane til dei som evt. søker vidare permisjon og slik ikkje lyse ut desse stillingane. Det er ikkje muleg å spare inn på ytingar som er lovbestemt. Alle

søknader på sosialhjelp blir vurdert ut frå normen, og det er av den grunn ikkje noko å hente der.

Dette vil vi oppnå i 2018

- Det er viktig å tenke arbeid og aktivitet og gode kvalifiseringsløp.

Dette vil vi oppnå i 2019-2021

- Bruk mindre på økonomisk sosialhjelp og at vi får flere ut i arbeid og aktivitet (selvforsørgende) og sette krav til aktivitet for de som har sosialhjelp som einaste yting. Betre kartleggingar som gjer at ein kjem inn tidleg med tiltak.

Økonomiske rammer

	Rekneskap 2016- netto	Budsjett 2017- netto	Budsjett 2018- netto	Øk.plan 2019- netto	Øk.plan 2020- netto	Øk.plan 2021- netto
NAV	5 503	5 237	5 928	5 928	5 928	5 928

Rådmannen sin kommentar

«Kapasitets- og behovsanalysen av pleie- og omsorgstjenesten» i Surnadal kommune gjennomført av Telemarksforsking sommaren 2017 syner m.a. følgjande:

- Surnadal har eit høgare utgiftsnivå på pleie og omsorg enn det dei økonomiske rammebetingelsane skulle tilseie.
- Analysen syner at totaltilbodet på heildøgns omsorg i forhold til befolkninga over 80 år per i dag er høgare enn landet elles.
- Talet heildøgns omsorgsplassar i prosent av innbyggjarar over 80 år, ligg på 34 prosent, mens det same talet på landsbasis er ca. 29 prosent.
- Prognosane syner at befolkningsutviklinga dei neste åra, vil føre til eit auka behov for heildøgns omsorgsplassar.
- Eit auka fokus på rehabilitering og forebygging kan bidra å redusere behovet for omsorgsplassar.

I samband med mulighetsstudien for Helsehus er desse momenta sentrale. Surnadal kommune har per i dag ei god dekning av heildøgns omsorgsplassar, men dette vil ut i frå tala endre seg i åra framover om vi ikkje gjer noko grep i næraste framtid. Rådmannen meiner difor at ein bør gå vidare i arbeidet med Helsehus og tilpassing av framtidens omsorgstenester.

Rådmannen tilrår ut i frå dagens situasjon å stenge 8 plassar ved Surnadal sjukeheim for ein periode. Dette er eit tiltak rådmannen meiner er

gjennomførbart, men ein må vere budd på at tiltaket og kan føre med seg ein del utfordringar:

- Ein kan få større press på dei plassane som er igjen og korttidsplassane kan bli belagt av personar som treng langtidsopphold. Det kan bli behov for inntaksstopp ved sjukeheimen og lovpålagte tenester kan bli vanskeleg å utføre.
- Heimebuande får ikkje korttidsplass og behovet for langtids plassar kan auke.
- Høge kostnader med overlipping av utskrivningsklare pasientar på sjukehus.
- Mister god kompetanse som kan vere ei utfordring å rekruttere på ny i framtida.
- Presset på heimetenesta aukar.

Innsparinga med å leggje ned 8 plassar er estimert til ca. kr 2 100 000 per år. Rådmannen har lagt inn ei innsparing på kr. 1 700 000 for neste år, noko som tilseier at ein må starte umiddelbart når det gjeld tilpassing av tilbodet.

Einingane i helse og omsorg varslar om tronge rammer, der det vil vere naudsynt med fortsatt reduksjon i drifta for å komme innfor tildelte rammer.

Helse- og familie arbeider fortsatt rekruttering av kommuneoverlege og fastlegar. Det er dyrt å leige inn vikarar, og det er utfordrande å forutsjå kva dette vil koste neste år. Kommuneoverlegestillinga er sett vakant i budsjettet for neste år. Dersom ein skal greie å rekruttere kommuneoverlege må ein sjå på dei totale rammene for stillinga, der lønn er ein del av bildet.

Helsestasjonen har signalisert behov for styrking av ressursane (utover det som er lagt inn i budsjettet) for å ivareta alle sine oppgåver.

Heimetenesta ser ut til å gå med eit overskott i 2017. Ved tildeling av rammene i 2018 har ein teke omsyn til dette, samt lagt inn ei styrking i høve reduksjon i talet plassar på sjukeheimen. I samband med stenging av 8 plassar ved sjukeheimen kan ein pårekne eit auka trykk på tenesta, i kva omfang vil ein først kunne sjå etter ei viss tid med nytt nivå på talet plassar.

Når det gjeld bu- og aktivitetstenesta er det estimert ei auka inntekt i samband med gjennomgangen frå Sødernmann AS av inntektssida i eininga . Det knyter seg fortsatt ein del usikkerheit til kva ekstra inntekter vi vil få i samband med denne gjennomgangen. Uansett blir det behov for å stramme inn ytterlegare i drifta i 2018 for å halde tilrådd ramme.



NAV får i rådmannen sitt forslag tilført midlar for å finansisere stillinga som økonomisk rådgjevar. Den største utfordringa neste år vil vere å følgje opp flyktningar som er ferdige med introduksjonsprogrammet.

IK Barnevern har på tampen av budsjettprosessen varsla om auka utgifter i 2018. Det er per skrivande stund ikkje avklart kva dette fører til av auka kostnader til neste år.

9 Teknisk

9.1 Kommunalteknikk

Status:

- Prisauke på innleigde maskiner vs. auke i budsjetttramma. T.d. har prisen for kantslått auka med 40 % frå 2010 til 2017. Budsjetttramma har på langt nær auka tilsvarande.
- Stadig fleire km veg å vedlikehalde utan at det har resultert i auka budsjetttramme: fleire bustadfelt, g/s-vegar og fortau.
- Ekstra utgifter utan auke i budsjettet:
 - ✓ Ekstrakostnad til drift av naudnettet: kr 292.186 pr. år (eks. mva.)
 - ✓ Tilskot Normøre Bilberging (5 år): kr 20.000 pr. år
 - ✓ Tilskot Røde Kors: kr 40.000 pr. år
- Budsjetttramma til kommunalteknikk vart redusert med kr. 500.000 f.o.m. 2015 og vidare med kr. 700.000 i 2017.
- Aukande mangel på sommarvedlikehald på dei kommunale vegane p.g.a. budsjett-situasjonen.
- Budsjettsituasjonen har forverra seg år for år. Som sikkert dei fleste har fått med seg har vi i år innhenta nye pristilbod på brøyting og strøing for neste 4-årsperiode. Det ein ser no, er at prisane har auka kraftig. Ein reknar med at dette utgjør ei fordyring på om lag kr. 1,5 – 2,0 mill. årleg.
- Pr. i dag manglar vi kr. 3 – 3,5 mill. for å kunne levere tilfredsstillande tenester under ansvar 420 (vegar, park og brannvesen).
- Dei fleste investeringsprosjekta i inneverande år er enten ferdig eller starta opp.

Utfordringar

- Drifte vegnettet og brannvesen med dagens bevilling/budsjetttramme, sjå kommentarane ovanfor.
- Rehabilitering og fornying av behandlingsanlegg vassverk.

- Opplæring av deltidsmannskap i brannvesenet. Behov for fleire med utrykkings-sertifikat (kode 160) og sertifikat for kjøring med tunge køyretøy (klasse C).



Nokre utvalte tal frå KOSTRA

	Surnad al 2016	Surnad al 2015	Møre og Romsd al	Gr 11	Landet u/Oslo
Del av befolkninga som er tilknytt kommunalt vatn (%)	75,4	75,7	75,2	-	82,6
Driftsutgifter vatn pr. tilknytt innbyggjar	1 430	1 438	1 171	-	1 071
Andel innbyggjarar tilknytt kommunalt vassverk med tilfredsstillande prøveresultat e-colie	98,8	100,0	99,4	-	99,0
Årsgebyr for vannforsyning (rapporteringsår + 1)	3 641	3 540	3 426	3 071	3 441
Driftsutgifter kloakk pr. tilknytt innbyggjar	1 601	1 188	1 142	-	1 228
Årsgebyr for avløpstenesten (rapporteringsår + 1)	3 354	3 292	3 067	3 624	3 840
Årsgebyr for septikktømming (rapporteringsår + 1)	1 200	1 200	1 219	1 325	1 456
Årsgebyr for avfallstenesten (rapporteringsår + 1)	2 675	2 650	2 729	2 684	2 716
Brutto driftsutgift i kr. pr. km kommunal veg, ekskl. avskrivningar	67 809	64 957	81 052	75 768	104 684
Andel kommunale veier og gater utan fast dekke (%)	40,4	40,4	23,5	44,4	31,3
Netto driftsutgifter (brann- og ulykkesvern) pr. innbygger	706	614	910	829	748
Årsgebyr for feiing og tilsyn (rapporteringsår + 1)	633	633	447	433	441

Dette vil vi oppnå i 2018:

- Bygge ut og ferdigstille nytt bustadfelt på Nordvik inkludert bygging av ny vassforsyning til området.
- Avklare ny vassforsyning til Kvanne og Stangvik, samt starte utbygging.
- Forsterke kommunale vegar i følge investeringsbudsjett.
- Revidere hovudplan vassforsyning.

Dette vil vi oppnå i 2019-2021:

- Ferdigstille utbygging av ny vassforsyning til Kvanne og Stangvik.



- Fortsette utskifting av asbest-sementrør.
- Gjennomføre vedtekne investeringsprosjekt innanfor ansvarsområda 420 og 430.
- Revidere hovudplan avløp i planperioden.

Økonomiske rammer

	Rekneskap 2016- netto	Budsjett 2017- netto	Budsjett 2018- netto	Øk.plan 2019- netto	Øk.plan 2020- netto	Øk.plan 2021- netto
Kommunalteknikk	10 277	9 439	9 335*	10 335	10 335	10 335
VARF	- 2 010	- 2 471	- 2 471	- 2 471	- 2 471	- 2 471

*Eininga vil bli tilført kr 1 000 000 p.g.a. refusjon forskudd hamn i 2018.

9.2 Areal- og naturforvaltning

Status og utfordringar

Avdelinga har få ansatte og er sårbare med tanke på tenesteproduksjon til rett tid og kvalitet. Det er behov for å ha gode saksbehandlarverktøy til fleire av fagområda på avdelinga. Det er nyleg vedtatt ny kommuneplan, og dei næraste åra vil det bli fokus på å følge opp tiltaka som er fastsatt i kommuneplana sin arealdel.

Dette vil vi oppnå i 2018:

- Gjennomføring av nykartlegging (FKB) av store deler av kommunen.
- Digital transformasjon – legge til rette for meir digital tenesteproduksjon.
- Delta i felles anskaffelse av nytt saksbehandlingsverktøy for byggesaker.
- Få utarbeidd klimaregnskap for Surnadal.
- Få detaljprosjektert heile Svartvassområdet friområde.
- Starte opparbeiding av Svartvassområdet friområde.
- Utarbeide følgende reguleringsplaner
 - Industriområdet (tidlegare flyplassområde)
 - Boligfelt Høgberget
 - Boligfelt øvre Surnadal
 - Reguleringsplan sentrum
 - Oppstart planarbeid gang- og sykkelveggar i tråd med kommuneplanen
 - Vurdere omregulering for gang- og sykkelveg frå Grimsmokrysset til Øye bru
- Justere reguleringsplanen for Stormyra 3.

Dette vil vi oppnå i 2019-2021:

- Regulere alle nye gang- og sykkelveggar i kommuneplanen sin arealdel

Økonomiske rammer

	Rekneskap 2016- netto	Budsjett 2017- netto	Budsjett 2018- netto	Øk.plan 2019- netto	Øk.plan 2020- netto	Øk.plan 2021- netto
Areal- og naturforvaltning	6 429	6 070	6 115	6 115	6 115	6 115

9.3 Eigedom

Status

Den daglege drifta går på det jamne med drift i høve til dei midlar vi har. Vi har i løpet av året redusert bemanninga med eitt vaktmeisterårsverk, og ca 50% på reinhald. Dette er løyst ved at nokre har fått fleire oppgåver, men det fører og til at vi kanskje ikkje får gitt like gode tenester som før.

I år fekk vi på plass bustadkoordinator i 50% stilling som har vore til stor hjelp, spesielt med busettinga av flyktningar.

Vi har også i år fått utført ein god del vedlikehald, samt at vi og har teke ein del mindre investeringsoppgåver med eige mannskap.

I løpet av året er det i egen regi bygd vognskur både ved Skei og Bæverfjord barnehage, samt at det er etablert ny barnehageavdeling med vognskur i Midtigranda barnehage der Eigedom var sterkt medvirkande.

Av investeringar i 2017 blei ENØK-prosjektet ferdigstilt 1. juli, og utvida fellesareal ved Sommerro og Nistutrøa fellesbustader er i gang og blir ferdigstilt inneverande år.

Nye Øye skule og helsehus er begge prosjekt det vert jobba med, men begge er enno på prosjektstadiet.



Utfordringar

- Vedlikehald kommunale bygg
- Ressursar til busetting av flyktningar

Dette vil vi oppnå i 2018:

- Fokus på sjukefråværet
- Få på plass elektronisk FDV-system

Dette vil vi oppnå i 2019-2021:

- Få teke i bruk digitalt FDV-system. Det vil ivareta ein betre vedlikehaldsplan og lovpålagt dokumentasjon.
- Meir målretta styring for betre nytte av ressursane.

Økonomiske rammer

	Rekneskap 2016- netto	Budsjett 2017- netto	Budsjett 2018- netto	Øk.plan 2019- netto	Øk.plan 2020- netto	Øk.plan 2021- netto
Eigedom	20 701	18 176	18 136	18 136	18 136	18 136

Rådmannen sin kommentar

Vi ser at det innanfor eininga kommunalteknikk har vore ein sterk ein sterk prisauke på innleigde maskiner dei seinare åra. Dette gir seg også utslag i dei nyleg inngått kontraktane brøyting og strøing dei kommande fire åra. Aukande kostnader til vintervedlikehald vil føre til enda mindre midlar til sommarvedlikehald. Over tid vil etterslepet på vegar bli krevande å ta att. Det er i år bruka fem millionar til fast dekke og det same beløpet er foreslått for neste år. Dei strekningane som får fast dekke gjennom desse midlane vil bli godt opprusta før dekket blir lagt. Mellom anna vil nye stikkrenner vere viktig for å møte klimaendringar som aukande nedbørsmengder.

Arbeidet med nytt boligfelt på Nordvik er planlagt slutført til våren. Dette vil vere eit positivt bidrag til utvalet av kommunale boligtomter. Ein nyleg vedteken arealplan vil og vere eit godt grunnlag for framtidretta arealbruk i åra framover, og vi har mange spennande reguleringsplanar som no er planlagt oppstarta. Digitaliseringa vil i åra framover ha mykje å seie for å effektivisere og sikre ei god plan- og byggesakshandsaming.



Det er stramme budsjett til kommunalt vedlikehald. Eige mannskap har innanfor tilgjengelege midlar greid å ta hand om mindre bygge- og vedlikehaldsprosjekt. Med den store boligmassen som kommunen rår over, greier vi ikkje med dei midlane vi har tilgjengeleg å unngå eit aukande etterslep på vedlikehaldet. Den planlagte innføringa av eit digitalt FDV-system vil gjere oss i betre stand til å få oversikt over vedlikehaldsbehovet. Busettinga av flyktningar har sett store krav til boligarbeidet vårt. Det har derfor kome godt med at vi har fått ein boligkoordinator i 50% stilling. Nye Øye skule, helsehus og framtidig bruk av Stangvik aldersheim vil vere større prosjekt som vil kreve sitt av ressursar også frå Eigedomseininga.

10 Ik barnevern

Status og utfordringar


Surnadal er vertskommune for den interkommunale barnevernstenesta i Halså, Rindal og Surnadal. Totalt omfattar tenesta 10,8 årsverk fordelt på einingsleiar, 0,7 sekretær, 1,5 heimekonsulentar og 7,6 fagstillingar.

Hovudoppgåva til eininga er å sikra at barn og unge som lever under tilhøve som kan skade helsa og utviklinga deira, får naudsynt hjelp og omsorg til rett tid.

Barnevernstenesta skal på same måte som andre kommunale tenester bidra til at barn og unge får trygge oppvekstsvilkår.

Det er enno ein auke i saker og auka arbeidsmengd, noko som fører til stor arbeidsbelastning i eininga. Det har også det siste året vore høgt sykefråvær, noko som og har ført til stor belastning for dei som har vore på arbeid.

Surnadal(Halså, Rindal er ikkje med her):



*Gjeld pr. 26.10.17

Diagrammet viser utviklinga i meldingar som er motteke, kor mange barn som er under omsorg, og kor mange som er i hjelpetiltak.

Diagrammet viser at mengd meldingar går litt opp og ned, der det truleg blir ei auke i 2017. Det er enno ein auke i mengd barn som har hjelpetiltak.

For 2017 er det ein auke i mengd barn som er under omsorg av barnevernet.

Utfordringar:

- Saksmengd og belastning
- Aukande behov for hjelpetiltak.
- Behov for fleire tilgjengelege tiltak for barn med ulike behov.
- Truleg vil det òg vera eit behov for fleire heimekonsulentar, dette i samanheng med aukande behov for hjelpetiltak
- Budsjett for etablering av nye tiltak
- Behov for å styrkje det førebyggjande arbeidet retta mot utsette barn, ungdom og familiane deira, slik at ein kan kome tidleg inn med gode tiltak og unngå problemutvikling.

Dette vil vi oppnå i 2018:

- Fortsatt styrke tidleg innsats, og redusere plasseringar utanfor heimen.
- Styrke det tverrfaglege samarbeidde i alle tre kommunar.
- Informere andre einingar om barnevernet sitt arbeid.



- Rekruttere fosterheim/beredskapsheim.
- Halde sykefråværet på eit lågare nivå.

Dette vil vi oppnå i 2019-2021:

- Sjå gevinsten av tidleg innsats, tverrfagleg samarbeid og informasjonsarbeidet.
- Auka effektivitet i form av fleire digitale løysingar i fagsystemet, blant anna med arkiv og brev.

Økonomiske rammer

	Rekneskap 2016- netto	Budsjett 2017- netto	Budsjett 2018- netto	Øk.plan 2019- netto	Øk.plan 2020- netto	Øk.plan 2021- netto
IK barnevern	8 959	9 161	9 161	9 161	9 161	9 161

11 Investeringar og prioriteringar

	2018	2019	2020	2021
IKT – Orkidé	372	317	444	166
IKT- LOKALT DIGITALISERINGSPROSJEKT	1000	0	0	0
Sum ansvar: 100 Sentraladm.	1372	317	444	166
130 KULTUR				
KULTURHUSET- NY LYSRIGG	300	0	0	0
KULTURHUSET - INNKJØP AV NYE MØBLAR	300	0	0	0
Sum ansvar: 130 KULTUR	600	0	0	0
330 SJUKEHEIMEN				
Bilkjøp	500			
Sum ansvar: 330 SJUKEHEIMEN	500			
350 HEIMETENESTE				
BILKJØP	500	250	250	0



Sum ansvar: 350 HEIMETENESTE	500	250	250	0
420 KOMMUNALTEKNIKK				
OPPRUSTING KOMMUNALE VEGAR	5000	1500	1500	0
HØGBERGET BYGGEFELT	1500	1500	6000	1500
SVARTVATNET FRIOMRÅDE GANGVEG	1900	1900	0	0
SVARTVATNET FRIOMRÅDE/ AMFI PARKOMRÅDE	2000	2000	1000	0
TODALEN BYGGEFELT	0	0	3000	0
KRÅKHAUGEN BYGGEFELT	0	0	1500	0
STORMYRA III	500	8000	0	0
BYGGEFELT HØGMOEN	0	0	0	5000
GATELYS LED	150	150	150	0
NORDVIK BYGGEFELT	6500	0	0	0
VASKEMASKIN BRANNVESENET	200	0	0	0
BØLANDET BYGGEFELT	800	1000	0	0
VEG/PARKERINGSPLASS ØYE BARNEHAGE	400	0	0	0
INFRASTRUKTUR INDUSTRIOMRÅDE RØTET 2018	1500	0	0	0
BUSSLOMME FYLKESVEG STANGVIK OS	1 300	0	0	0
Sum ansvar: 420 KOMMUNALTEKNIKK	20450	16050	13150	9050
430 KOMMUNALTEKNIKK - VAR				
BILKJØP				
HØGBERGET BYGGEFELT	0	400	0	0
FAUSKÅA VASSVERK	0	0	3000	0
KVANNE OG STANGVIK VASSVERK	7000	10000	10000	0
VA-KARTVERK -AVLØP	300	0	0	0
KLOAKKANLEGG STANGVIK	500	0	0	0
PUMPESTASJONAR AVLØPSNETT	600	850	850	600
NORDVIK BYGGEFELT	350	0	0	0
DRIFTSOVERVÅKING VATN NORDVIK OG BELE	250	250	0	0
KLOAKKANLEGG TELLESBØ	0	900	0	0
KJØRETØY OG UTSTYR TIL HYTTEFEIING	300	300	0	0
Sum ansvar: 430 KOMMUNALTEKNIKK - VAR	10100	13500	14650	1400



440 AREAL OG NATURFORVALTNING				
E-Bygg IKT	140	0	0	0
DIGITALE KART	185	185	185	0
Sum ansvar: 440 AREAL OG NATURFORVALTNING	325	185	185	0
460 EIGEDOM				
BILKJØP	350	350	0	0
KULTURHUSET VARME/ KJØLEPUMPE	600	0	0	0
KLEIVA - FUNDAMENT UTESCENE	100	0	0	0
PUBLIKUMSTOALETT KOMMUNEHUSET	100	0	0	0
NYE ØYE SKULE - FORPROSJEKT	4500	82000	82000	0
HELSEHUS	1000	0	0	0
GARASJE DAGSENTER	1200	0	0	0
STANGVIK BUSTADPROSJEKT	25000	0	0	0
POSTKJØKKEN SJUKEHEIMEN	550	0	0	0
ROBOTPROSJEKT	500	0	0	0
OMSORGSBUSTAD FOR DEMENTE 2019	0	19000	19000	0
BRANNDOKUMENTASJON KOMMUNALE BYGG	500	0	0	0
Sum ansvar: 460 EIGEDOM	34400	101350	101000	0
530 KYRKJELEG FELLESRÅD				
TAK ÅSSKARD KYRKJE	1200	0	0	0
PARKERINGSPLASS TODALEN KYRKJE	0	250	0	0
HWC OG DÅPSROM (STANGVIK OG ÅSSKARD)	0	0	350	350
Sum ansvar: 530 KYRKJELEG FELLESRÅD	1200	250	350	350
540 IK BARNEVERN				
BILKJØP	400	0	0	0
Sum ansvar: 540 IK BARNEVERN	400	0	0	0
T O T A L T	84 647	147 202	145 329	36 700

